

---

**Fra:** Ragna Midtbø  
**Sendt:** 3. mai 2016 09:53  
**Til:** Anne Wergeland  
**Emne:** Ressurstildeling til undervisning 2016-17, inkludert tidleg innsats

Til rektor ved Seim skule

**Grunntildeling:**

Ny grunntildeling til Seim skule etter justering p.g.a endringar i kommunen og når det gjeld i spesialundervisninga på Seim skule er: **14,15 lærarårsverk**

**Tildeling til tidleg innsats**

I statsbudsjettet er det bevilga tilskotsmidlar til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4 trinn.

Ein del av midlane går til å vidareføra eit forskningsprosjekt som heiter LÆREEFFEKT for å få meir informasjon om effekten av auka bruk av lærarressursar.

Seim skule får tildelt **0,6 lærarårsverk** av ekstramidlane til tidleg innsats. Timane skal brukast i 1.-4 klasse på elevar som har svakt læringsutbytte og progresjon. Timane skal brukast til varig styrking av lærartettleiken på 1.-4- trinn. Dei kan brukast til dagleg i økter, i periodar, eller som kurs, avhengig av læringsutbyttet til den enkelte eleven i gruppene.

Kommunen må rapportera på bruken av desse midlane, og vi vil ikkje få tildelt midlar dei neste åra om ikkje midlane er brukte i tråd med formålet. Rapporteringa vil ikkje skje før etter innlevering av GSI eller tidleg i 2017.

Eg kjem til å bed om tilbakemelding om korleis de organiserer bruken av desse timane frå hausten av.

**Eingongstildeling:**

Lindås kommune har også fått del av ei eingongstildeling til tidleg innsats. **Desse midlane skal brukast innan utgangen av 2016 og vil ikkje bli vidareført.** Dei kan brukast til «økt lærerinnsats på 1.-4. trinn eller andre midlertidige tiltak som bidrar til økte personalressurser i opplæringen»

I Lindås er midlane fordelt til dei skulane som har dei største 1. og 2. klassane til hausten.

Desse midlane kan de begynna å bruka av i vår.

Seim skule får tildelt **kr 171 000** av eingongstildelinga.

Mal for tilbakemelding om bruk av tildelte ressursar vert sendt ut i slutten av mai.

Lukke til med planlegginga av 2016-17.

Med helsing

Ragna Midtbø  
Einingsleiar for grunnskule



LINDÅS KOMMUNE

Tlf: 56 37 52 49 / 47 86 44 20

[ragna.midtbo@lindas.kommune.no](mailto:ragna.midtbo@lindas.kommune.no)